

Pakkar graset i pølser

HÅ: Utanfor fjøsen til Lauritz Haarr ligg det tre 50 meter lange pølser. Inni pølsene ligg det grovfôr som tilsvarar innhaldet i 300 rundballar.

TEKST: Dag Idar Jøsang, dag@norsklandbruk.no

Etter at han flytta frå plansiloen, valde Lauritz Haarr å investere i ei rundballepresse. Men med eit forbruk på 5-6 rundballar om dagen blei mjølkeprodusenten frå Vigrestad lei av både balletransport og plasthandtering.

– Det blir ein del plast av det, og han skal handterast, lagrast og sendast til gjenvinning. I tillegg blir det ein del transport, både etter pressing og til og frå rundballeagera i all slags vêr og på all slags føre, seier bonden, med fjøs eit steinkast frå jærhavet.

ALTERNATIV TIL PLANSILO

Allereie for 2-3 år sidan byrja han å snakke med Ragnar Vikingstad, som då var i Keenan-systemet, om å pakke grovfôr i lange pølser. Dei hadde litt kontakt med Eurobagging i Tsjekia, men det blei ikkje noko meir før fabrikkjen inviterte til besøk i vår. På turen var dei også på besøk hos ein tysk mjølkeprodusent, som har erfaring med maskinen og føret.

– For dei som tenkjer på å byggje plansilo, er dette eit godt alternativ. Det er eit ferdig konsept, der ein opnar og lukkar pølsa med ein sort borrelås på plastduken. Det ein skal vere klar over, er at det krev eit godt underlag å leggje pølsa på. Sjølv har eg lagt han direkte på graset, men på eit område med mykje stein under, fortel Haarr.

Samanlikna med ein plansilo, der opninga gjerne er 8-10 meter brei, er opninga til pølsa mellom 2,5 og 3,0 meter i diameter. Det gir kortare tid med eksponering for luft, som igjen reduserer faren

for varmgang i føret, og det er enklare å ta vekk plasten under utføring. Tilrådingane frå Tyskland seier at det beste er å ta grovføret ut med ei krokodilleklo, men at ein blokkskjerar også kan brukast.

– Hos meg vil det utgjere ein stor miljøgevinst å kutte plastforbruket til 1 500 rundballar. Forbruket av diesel blir også mindre, og det sparar både miljøet og økonomien, seier Haarr, som lenge har irritert

seg over at prisane på rundballeplast aukar kvart år.

– Det einaste positive er at ein får stadfesta at ein blir meir påverka av internasjonale forhold enn ein likar å tru. Då får ein prøve å handle deretter, seier den tidlegare oljemeklareren.

FORSKJELL PÅ LESSEVOGNER

Tørrstoffprosenten i grovføret bør liggje på 30 prosent og oppover når det skal pakkast.

Haustemetoden som har blitt brukt i Rogaland ▶



PLAST: Grovføret blir pakka i ein plastduk, og Lauritz Haarr sparar plast til 1 500 rundballar på denne metoden.

KOMPAKT: I sommar har denne maskinen pakka gras i pølser på Jæren. Ei 50 meter lang pølse får plass til det same som 300 rundballar.





Lovande fôrprøver

– Dei første fôrprøvene ser lovande ut, men det gjenstår å sjå korleis langtidslagringa blir.

Det seier seniorrådgjevar i Norsk Landbruksrådiving, Ragnvald Gramstad.

– Grovfôrprøvene tatt etter 4-5 veker, ser veldig fine ut. Lauritz Haarr har treft godt på gjødsling, slåttetidspunkt og lagring. Protein og fordøyelighet ser også bra ut. I sum vil eg seie at føreingskonsentrasjonen er veldig høg, og dette ser ut til å bli eit veldig godt grovfôr, seier han.

Forskjellen på gras som har fått GrasAAT Plus eller Kofasil, og som ikkje har fått det, er merkbar, men ikkje veldig stor. Det er litt meir sukker, litt mindre smørsyre og litt mindre protein som blir brote ned til ammoniakk i gras som har fått ensileringsmiddel.

– Det er eit nokså typisk funn i dei fleste fôrprøvene. Det blir spennande å sjå om plasten held mål under langtidslagring, og om me unngår å få luftinnslepp og feillagring på vegen. Førebels ser det bra ut.

Grovfôrrådgjevarer fortel at landbruksrådgjevinga vil følgje med utover hausten og vinteren, og at dei vil rekne på kostnadene for å samanlikne dei med lagring i plansilo og rundballar.

PØLSEMASKIN: Graset blir tippa i eit reservoar, og ein rotor komprimerer graset og pakkar det i pølsa.

► denne sommaren, har vore slåmaskin, spreierive, samlerive og lessevogn, men ein kan like godt hauste graset med finsnitter. Då skal ein berre passe på at graset er tørt nok, slik at føret får ein god struktur. Rotoren i pakkemaskinen lagar lett graut av graset dersom det er for godt kutta.

To ulike typar lessevognar er blitt prøvde, først ei Pöttinger Faro og deretter ei Schuitemaker 520 og 55. Lauritz Haarr fortel at det var klasseforskjell til fordel for Schuitemaker.

– Det gjekk med Pöttinger-vognene me brukte også, men graset blei for dårleg kutta og tvinna seg rundt innmatarvalsen. Det gjorde at pakkemaskinen brukte lang tid og blei ein flaskehals i arbeidet. I Schuitemaker-vognene blei kuttinga mykje betre, og med valser på alle vognene blei utmatninga mykje meir effektiv, slik at det ikkje blei noko problem å halde unna vognene. Forskjellen handlar nok om konstruksjon og talet på knivar, men ein effektiv kuttelengde i lessevognene på mellom fire og sju centimeter er nok bra. Det gjeld òg tørt gras.

For å halde ein god arbeidsflyt, blei det brukt to lessevognar som kjørte til og frå jorder som ligg inntil eit par kilometer frå garden. Graset blir tippa i eit reservoar på eurobagmaskinen, og sidan pakkemaskin og traktor flyttar seg sakte, men sikkert framover, må lessevogna heile tida gjere det same mens ein tippar lasset.

– Om ein legg pølsa på for mjukt underlag, vil pakkemaskinen presse seg fram i det same sporet som traktor og lessevogn, og då blir rullemotstanden på utstyret for stor.

KREV 200 HESTEKREFTER AV TRAKTOREN

Lauritz Haarr brukte ein traktor med 265 hestekref-

ter til å drive pakkemaskinen. Ifølgje fabrikk er effektkravet på minimum 200 hestekrefter.

– Ein kan nok klare å drive maskinen med mindre effekt også, men då går det ut over farten. Årsaka til at me kjørte med denne traktoren, var krokløysinga bak, sidan pakkemaskinen har draget over PTO-akslinga. Slik me kjørte, greidde me å få til ein bra flyt. Me fekk god hjelp av folk frå fabrikk og han tyske bonden då me kjørte i gong maskinen. Det er ganske krevjande å kjøre maskinen, men erfaringa kjem etter kvart, seier han.

Sjølvje gangen i pakkninga er likevel ikkje så veldig komplisert. Maskinen fungerer nesten som ein vanlig pølsemaskin. Frå reservoaret blir graset mata inn av eit belte, mens ein rotor komprimerer graset og legg det inn i pølsa. For å lage eit mottrykk utan at plastduken raknar, er det det stålvaiarar festa til ei grind i enden, som ein styrer trykket og komprimeringa i pølsa med.

MED ELLER UTAN SYRE

Etter kvart som graset blir pressa inn i pølsa, flyttar maskinen seg litt framover, slik at stålvaiaren slepp litt og litt. Dette er styrt av trykket. Med den største plastduken kan ein lage opptil 100 meter lange pølser, men Haarr har valt ein duk som gir 50 meter.

I sommar har Vigrestad-bonden laga pølser både med og utan syre. Mange rundballeentreprenørar har slutta å tilby syre i rundballane, fordi ho tærer på pressa. Den same problemstillinga har ein på lessevognar. Men med eurobagmaskinen kan ein tilsetje syra direkte, og på den måten spare både lessevogna og finsnitteren.

– I Tyskland er ikkje syre ei aktuell problemstilling. Der er det for dyrt å bruke syre. Men i Noreg



COCKPIT: Det krevst ein operatør til å kjøre pakkemaskinen og to til å kjøre mellom.



VINNAR: To typar lessevognar blei testa i Rogaland, Schuitemaker og Pöttinger, og det var nederlandske Pöttinger som fungerte best.

meiner rådgjevarar som Ragnvald Gramstad at syre er ei billeg forsikring. I år brukte eg GrasAAT Plus i pølsa så lenge han rakk, men kjørte utan på resten. Hos ein kunde brukte eg Kofasil, og det synest å vere mykje betre både for maskin og operatør. Det skal bli spennande å sjå om det vil vere forskjell, seier han. ■



FRAMOVERLENTE: Lauritz Haarr (t.h.) og Per Ådne Skårland er alltid på jakt etter å lage billegare og betre fôr.

Skal både selje og leigekjøre

Midt i ein hektisk grovførsesong har importørane også drive leigekjøring for å skaffe seg erfaring med pakkemaskinen.

TEKST: Dag Idar Jøsang, dag@norsklandbruk.no

Lauritz Haarr og Ragnar Vikingstad har først og fremst planar om å importere pakkemaskinar frå Eurobagging, men ser ikkje bort ifrå at det også blir noko leigekjøring. Firmaet har ikkje fått namn ennå, men det skal eigast halvt om halvt mellom Lauritz Haarr og Viktige Verktøy AS, som er Ragnar Vikingstad sitt firma. Men kompakt pakking i pølser eignar seg ikkje berre for konservering av gras. Haarr har lyst til å pakke heilgrøde av eige korn i pølse, men slik det ser ut i år, blir det kanskje for seint.

– Eg har stor tru på at me vil greie å ta vare på meir av tørrstoffet i heilgrøden når eg legg han i pølser, og at me får optimalisert strukturen og redusert spillet, fortel han.

I løpet av hausten vil det også bli gjort forsøk med å pakke og lagre flis. Håpet

er at flisa kan pakkast rå, og at ein unngår varmgang og mugg ved å lagre ho i ei lufttett pølse. Om forsøket blir vellukka, betyr det at ein kan utvide brukstida for maskinen betydeleg.

I innkjøp opplyser Haarr at prisen for eurobagmaskinen ligg på rundt 1,2 millionar kroner, avhengig av kva utstyr ein ønskjer. Haarr trur at marknaden finst blant entreprenørar og folk som driv maskinsamarbeid.

– Eg ser føre meg at han kan passe der den eine parten eig pakkemaskinen, mens den andre eig lessevognene, seier han.

Når Vigrestad-bonden pakkar for andre, har han valt å ta ein timepris på 2 500 kroner.

– Me har funne ut at timepris gir den mest korrekte prisen så langt, men i andre tilfelle kan me gi ein meterpris på ferdig pølse. Hos meg pakka me gras frå 330 dekar på 12 timar. Då var pølsa ferdig komprimert og klar til å lukkast. Lukkinga klarar ein på tre minutt. I arbeidet var det to personar som henta gras med lessevognar, mens eg kjørte pakkemaskinen. I tillegg var det ein fjerde person som var med eit par timar, fortel han. ■